



Helse og omsorgsdepartementet

*Sakshandsamar: Kjell Skaflestad dir tlf: 57 81 61 22*

*Vår ref. KS/09/481-4/K2-G00*

*Dykkar ref:*

*Dato: 29.10.2009*

## **HØYRING: ENDRINGAR I KOMMUNEHELSETENESTELOVA - EIT VERDIG TENESTETILBOD**

Vi viser til høyringsbrev datert 29.06.2009, vedk framlegg om endringar i helsetenestelova og ny forskrift, eit verdig tenestetilbod.

**Naustdal kommunestyre har drøfta saka i møte 29.10.2009, og har gjort slikt samrøystes vedtak i saka:**

*Naustdal kommune støttar framlegget om eit eige ledd om rett til eit verdig tenestetilbod, i helsetenestelova.*

*Samla sett er ein redd for at lovendringane og framlegget til ny forskrift skapar urealistiske forventningar. Frå sentralt hald må det leggest til rette for utdanning av nok helsepersonale, med fokus på kommunal pleie og omsorgsteneste.*

*Vanskane med fullt ut å oppfylle gjeldande forskrift om kvalitet i pleie og omsorgstenesta har i hovudsak økonomiske grunnar. Det er difor avgjerande at ei sterkare rettsleg sikring av eldre sin rett til eit individuelt utforma og verdig tenestetilbod, vert fylgt opp med finansieringsordningar som fullt ut kompenserer for kommunale meirkostnader som fylgje av auka personalinnsats i eldreomsorga.*

*Nye lover og forskrifter må fylgjast opp med meir øyremerka midlar til omsorgstenestene.*

**Rådmannen skreiv slik saksutgreiing og vurdering til sakshandsaminga i kommunestyret:**

### **Saksopplysningar:**

Helse og omsorgsdepartementet har i skriv av 29.06.2009 sendt ut på høyring eit framlegg til endring i kommunehelsetenestelova § 2.1 om rett til helsehjelp, og eit framlegg til ny

forskrift heimla i helsetenestelova § 1-3 femte ledd og sosialtenestelova § 4-6, om ei verdig eldreomsorg.

Framlegga til endringar i helsetenestelova og ny forskrift om ei verdig eldreomsorg har bakgrunn i avtale mellom regjeringspartia og Krf og Venstre, om utforming av ein verdighetsgaranti i samband med arbeidet med ei felles helse- og sosiallovgeving, og for konkretisering av Omsorgsplan 2015 (stortingsmelding 25). Målet med framlegget er å sikre at einskildgrupper ikkje kjem urimeleg ut i høve til den generelle innsatsen i omsorgstenesta. Det vert difor gjort framlegg om å presisere kommunehelsetenestelova slik at det klart framgår at alle har rett til eit **verdig tenestetilbod**, når han eller ho har bruk for det. I tillegg vert det gjort framlegg om ei forskrift heimla i helsetenestelova og sosialtenestelova som spesifiserer kommunen sine plikter innafør eldreomsorga.

Det vert gjort framlegg om å gje § 2-1 (Rett til helsehjelp) i helsetenestelova eit tillegg som lyder slik:

*”Enhver har rett til et verdig tjenestetilbud når han eller hun har behov for det på grunn av sykdom, funksjonshemming, alder eller av andre årsaker.”*

Framlegg til ny forskrift om ei verdig eldreomsorg har som formål å sikre at eldreomsorga vert tilrettelagt på ein slik måte at dette bidreg til ein verdig, trygg og meningsfull alderdom.

Den kommunale pleie- og omsorgstenesta skal legge til rette for ei eldreomsorg som sikrar den einskilde tenestemottakar eit verdig, og så langt som råd er, meningsfullt liv, i samsvar med sine individuelle behov.

Tenestetilbodet skal innrettast i respekt for den einskilde sin sjølvbestemmelsesrett, eigenverd og levemåte, og sikre at medisinske behov vert ivaretekne.

§3 i framlegget til ny forskrift presiserer at tenestetilbodet skal legge til rette for at fylgjande omsyn vert ivaretekne:

- a) *en riktig og forsvarlig boform, ut fra den enkeltes behov og tilstand.*
- b) *et variert og tilstrekkelig kosthold og tilpasset hjelp ved måltider.*
- c) *et mest mulig normalt liv, med normal døgnrytme og adgang til å komme ut, samt nødvendig hjelp til personlig hygiene.*
- d) *Tilby samtaler om eksistensielle spørsmål.*
- e) *Lindrende behandling og en verdig død.*
- f) *Å bevare eller øke sin mulighet til å fungere i hverdagen. Omsorgen skal bidra til habilitering og rehabilitering.*
- g) *Faglig forsvarlig oppfølging av lege og annet relevant personell, som sikrer kontinuitet i behandlingen*
- h) *Tilby eldre som bor på helseinstitusjon enerom*

Kommunane er høyringsinstans, og frist for å gje uttale er sett til 29.10.2009.

## **Vurdering:**

Helse og omsorgsdepartementet gjev i høyringsdokumentet ei vurdering av bakgrunnen og behovet for ei lov- og forskriftsendring, som på mange område stemmer godt med rådmannen si oppfatning av utviklinga i Naustdal kommune. Denne er m.a. kjenneteikna av ein sterk auke i omfanget av heimetenestetilbod til innbyggjarar under 67 år (på landsplan: 90 % auke dei siste 10 åra), og auka behov for oppfylgjingstenester

til pasientar som vert utskrivne frå sjukehus, ofte med langvarige og samansette lidingar. Pleie og omsorgstenesta i kommunen har såleis dei siste 10 – 15 åra utvikla seg frå å vere ei rein eldreomsorg, til å omfatte stadig nye grupper av yngre tenestemottakarar. Behovet for nye årsverk i den kommunale heimetenesta, særleg til tenestemottakarar under 67 år, har i praksis medført ein reduksjon av personalinnsatsen i den tradisjonelle eldreomsorga, særleg i institusjonsomsorga.

Mellom anna gjennom ei bevisst satsing på å oppretthalde eit høgt kompetansenivå i personalet, meiner rådmannen at ein trass i nedskjeringane dei siste åra, har greidd å halde oppe eit godt helsefagleg tilbod til dei eldre ved sjukeheimen. Det har likevel vore naudsynt å prioritere reine helse- og pleiefaglege omsyn, og det har vore uråd å oppfylle målsetjingane i kvalitetsforkrifta i den grad ein kunne ynskje.

Helse og omsorgsdepartementet sitt framlegg til ny forskrift om ei verdig eldreomsorg, er på mange måtar ei vidareføring, og presisering av gjeldande kvalitetsforskrift. Det er ikkje vanskeleg å slutte seg til målsetjingane i både gjeldande og ny forskrift. Rådmannen finn likevel grunn til å presisere at ei oppfylgging av forskrifta vil påføre kommunen betydelege auka personalkostnader, som ein må forutsetje vert finansiert med auka økonomiske rammer til kommunen. Departementet si vurdering av dei økonomiske konsekvensane (kap 5 i høyringsnotatet), gjev etter rådmannen sitt syn grunn til uro. Det vert her m.a. vist til at økonomiske konsekvensar vil avhenge av korleis dagens tenestetilbod er utforma, og ein legg til grunn at veksten i kommunen sine frie inntekter skal kompensere for kommunen sine meirkostnader. Naustdal kommune har dei siste åra måtte gjennomføre kutt i tenestetilbodet på mange område for å tilpasse seg dei økonomiske rammene. Bemanninga er på dei fleste område no så marginal at kvalitetshevande tiltak svært raskt vil medføre behov for personalauke. Omfanget av individuell og organisert frivillig innsats er og så omfattande at rådmannen ser det vanskeleg å kunne pårekne særleg auka omfang av dette. Rådmannen ser auka personalinnsats som det viktigaste vilkåret for / konsekvens av oppfylgging av kvalitetsforskrifta. Vår evne til oppfylgging vil difor vere heilt avhengig av økonomiske kompensasjonsordningar for auka lønskostnader.

Ei tydelegare rettighetsfesting av innbyggjarane sin rett til ei god helseteneste og verdig eldreomsorg, burde vore fylgt av ei tydelegare og meir forpliktande finansieringsordning for kommunane, som får ansvaret for å iverksetje kvalitetshevinga.

Med helsing

Anna Elisa Tryti  
Rådmann

Kjell Skaflestad  
rådgjevar helse, sosial , pleie og omsorg